

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Møtereferat

Møte: Møte nr. 2-2018 i Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Dato: 24. oktober 2018

Stad: NTNU Ålesund, Kunnskapspark-bygget (møterom Ørnetua i 3. etasje)

Møtetid: kl. 10.00-15.00

Til stades:

Frå Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde:

Haram kommune ved einingsleiar ytre omsorgseining Beate Eiken

Skodje kommune ved kommunalsjef Per Løkkeborg

Stordal kommune ved omsorgsleiar Else Midtbust

Stranda kommune ved einingsleiar for rehabilitering og habilitering Lill Gullbekkhei

Sula kommune ved einingsleiar Oddrun Marie Måseide

Sykkylven kommune ved fagleiar Margit Aure Overå

Ørskog kommune ved einingsleiar for helseavdelinga Linda Hoff Johansen

Ålesund kommune ved virksomhetsleder for tildelingskontor helse og omsorg Birte Vegsund

HMR – Ålesund sjukehus ved avdelingssjef for sykehuspsykiatri Nils Arne Skagøy

HMR – Ålesund sjukehus ved seksjonsoverlege ortopedisk avdeling Vidar Punsvik

HMR – Ålesund sjukehus ved avdelingssjef for medisinsk avdeling Gro Åsnes

HMR – Ålesund sjukehus ved sjukehuskoordinator Bjarte Jensen

Brukarutvalet ved Inger Nossen Sandvik

Frå Helse Møre og Romsdal HF:

Britt Valderhaug Tyrholm, spesialrådgivar i Seksjon for samhandling HMR HF

Andre:

Tor Erling Evjen, delprosjektleder for opsjonskommunane i Midt-Noreg, Helseplattformen (sak 13/18)

Anne Hollingen, samhandlingsrådgiver koordinerende enhet, barnekoordinator, samhandlingsseksjonen/fagavdelingen HMR HF (sak 14/18 og 15/18)

Forfall:

Giske kommune ved teamleiar tildelingskontoret Lene Sørensen

Norddal kommune ved einingsleiar/kommuneoverlege Martin Unger

Haram kommune ved einingsleiar indre omsorgseining Bjørg Brynhildsvoll

Sandøy kommune ved einingsleiar helse- og omsorgstenester Ann Kristin Røyset

HMR – Ålesund sjukehus ved praksiskonsulent Sindre Klokk

Møteleiar: Leiar av Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde, virksomhetsleder for tildelingskontor helse og omsorg Birte Vegsund i Ålesund kommune

Referent: Rådgivar Vegard Austnes i Sunnmøre Regionråd IKS

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Sak 11/2018: Velkomen til møte i Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde.

Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt. Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Birte Vegsund

Det var ingen merknadar til innkallinga. Det var ingen saker til eventuelt.

Sak 12/2018: Godkjenning av referat frå forrige møte nr. 1-2018 (25. april 2018).

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Birte Vegsund

Det var ingen merknadar til referatet frå forrige møte.

Sak 13/2018: Informasjon om Helseplattformen – kort status, historikk og vegen vidare

Ved Tor Erling Evjen, delprosjektleder for opsjonskommunane i Midt-Noreg, Helseplattformen

Evjen sin presentasjon følgjer vedlagt.

Evjen har ansvar for opsjonskommunane i Midt-Noreg. Alle kommunane i regionen (84) har signert opsjonsavtale. Målet er å få til ei felles journaløysing i Midt-Noreg som følgjer pasienten hos fastlege, på sjukehus, hos private spesialistar og i kommunal helse og omsorg, inkl. helsestasjonar. Helseplattformen er eit stort endringsprosjekt.

Piloten vil starte etter påske 2021. Alle sjukehusa skal skifte system. Helse Midt-Noreg og Trondheim kommune eig programmet. Det er mellom anna gevinstar i høve til styrka pasientsikkerheit og betre oversikt.

Det var møte med fylkesmennene 2. september. Møre og Romsdal fikk tildelt 500 000 kr. til Helseplattformen i 2018. For 2019 får kommunane i fylket 4 millionar kr. (av dette 2 millionar kr. til sunnmørskommunane).

Status per 1. oktober er at leverandøren Epic er valt. Ein ventar at det endeleg tilbodet frå leverandøren ligg føre i månadsskiftet. Innføringa er planlagt, det er omfattande behov for informasjon i linjeorganisasjonar og 84 kommunar. Anne Lise Lise Sagen Major er lokal innføringsleiar i Møre og Romsdal.

Det vert arbeidd med å etablere ein forvaltningsorganisasjon, eigarskap og finansiering må avklarast. Prosjektet held på med tilleggsinnkjøp av sikkerheitsløysing.

Førebuingfasen med å få med dei rette folkane er i gang. Etter neste sommar vil ein gå inn i ein utviklingsfase. Møre og Romsdal skal etter planen innføre Helseplattformen i slutten av 2022/begynnelsen av 2023.

Evjen vil sende den politiske saka som skal til Trondheim bystyre til alle kommunane i Midt-Noreg. I saka vil ein få informasjon om kostnadane med Helseplattformen.

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Samarbeidsrådet for opsjonskommunar vart oppretta 31. januar 2017 og skal sikre involvering og forankring. Det er no oppretta 12 lokale arbeidsgrupper i Midt-Noreg. Desse skal koordinere arbeidet. I tillegg er det regional arbeidsgruppe med ein representant frå kvar lokal arbeidsgruppe. Frå nordre Sunnmøre deltek Therese Furseth Hoel frå Nye Ålesund kommune i regional arbeidsgruppe.

Det er på oppdrag frå samarbeidsrådet utarbeidd ein rapport «Kommunalt forløp og standardiseringsarbeid» som er ein kan få hos dei regionale kontaktpersonane.

Innan 1. mars 2019 er det mål om at flest mogleg kommunar har kartlagt arbeidsprosessar. Trondheim kommune har plukka ut sjukeheim, heimeteneste samt helsestasjon og rehabilitering. Med dette som utgangspunkt vil Trondheim kommune invitere til 2 heildagssamlingar pr. fylke. Sunnmøre skal ha ein slik dag 28. november i år.

Sjå www.helseplattformen.no for meir informasjon.

Sak 14/2018: Handlingsplan for koordinerande eining, individuell plan og koordinator i samarbeid med kommune og HF, samt brukerrepresentant. Ved samhandlingsrådgiver Anne Hollingen, koordinerande enhet, barnekoordinator, samhandlingsseksjonen/fagavdelingen HMR HF

Hollingen sin presentasjon følgjer vedlagt.

Føremålet med handlingsplanen er å sikre at ansvar og oppgåver knytta til koordinerande eining, individuell plan og koordinator vert følgd opp i praksis. Koordinerande eining er ulikt organisert med ulike namn i kommunane.

Ei utfordring i helseføretaket er generell manglande kunnskap om koordinerande eining, individuell plan og koordinator. Samarbeidet med kommunane er varierende.

Prioriterte mål i strategiperioden er auka kunnskap og felles forståing om pliktar, ansvar og oppgåver knytt til koordinerande einingar, individuell plan og koordinator. Vidare prioritere og vidareutvikle koordinerande eingar både i kommunane og helseføretaket i Møre og Romsdal.

Handlingsplanen (følgjer vedlagt) har 12 ulike tiltak. Det er laga felles retningslinjer for utarbeiding av individuell plan (følgjer vedlagt) mellom helseføretak og kommunar.

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Sak 15/2018: «Barn som pårørende»-arbeidet. Ved samhandlingsrådgiver Anne Hollingen, koordinerende enhet, barnekoordinator, samhandlingsseksjonen/fagavdelingen HMR HF

Barneansvarlege er lovpålagd i alle seksjonar i helseføretaket, men ikkje i kommunane. Oppgåvene er knytt til der pasientar der omsorgsansvar for barn. Nokre kommunar har begynt å arbeide med barneansvarlege.

Sak 16/2018: Utskrivningsklare pasientar

Ved Britt Valderhaug Tyrholm, spesialrådgivar i Seksjon for samhandling i HMR HF

Tyrholm sin presentasjon følgjer vedlagt.

Ho viste tal på utskrivningsklare pasientar antal døgn f.o.m .mai 2018. Ålesund kommune har ei god utvikling. Det vart kommentert at dei reelle tala i Ålesund kommune er lavare, dette pga. klagesaker. Vidare vart det sagt at det er godt samarbeid med kommunane, men at kommunane kan verte flinkare med pasientopplysningar ved innlegging på sjukehuset.

Tyrholm viste mellom anna rater for antal døgnopphald pr. 1000 innbyggjarar etter bustad og aldersgruppe. I forhold til pasientforløpet vert det viktig å få på plass bruk av palliativ plan. Det vart drøfta bruken av ø-hjelpstilbod for aldersgruppa 90+. Med meir kompetanse i kommunane kunne fleire oppgåver blitt løyst der. Kommunane kan mellom anna gi intravenøs behandling og anna behandling som kan halde fram i kommunen. I høve til livskvalitet trivst gjerne pasienten best der ein er kjend.

Sak 17/2018: Bruk av ØHD/KAD tilbodet

Ved Britt Valderhaug Tyrholm, spesialrådgivar i Seksjon for samhandling i HMR HF

Tyrholm sin presentasjon følgjer vedlagt.

Tyrholm viste tal på den faktiske bruken av ØHD/KAD tilbodet i Møre og Romsdal. Totalt var det 3549,5 liggjedagar i 2017. Det potensielle belegget er 14 428. Kanskje kunne fleire pasientar som vart lagt inn på sjukehuset fått eit tilbod om ØHD/KAD?

Ortopedisk avdeling har opplevd god nytte av ØHD/KAD, men kriteria for å kome dit kan vere eit hinder. Ein ser at ein kunne fått overført fleire pasientar dit. Pasientane skulle kunne gå frå legevakt og fastlege til ØHD/KAD utan å gå innom sjukehuset for utgreiing først. Ved negativt røntgenbilette (Ikkje farleg skade) kunne pasienten gått rett til KAD. Det kan vere ei målsetting at kommunen sjølv bruker tilbodet mest, i Ålesund gjekk mange av pasientane via akuttmottak på sjukehuset til ØHD/KAD.

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Sak 18/2018: Plan for høg aktivitet

Ved Britt Valderhaug Tyrholm, spesialrådgivar i Seksjon for samhandling i HMR HF

Tyrholm sin presentasjon følgjer vedlagt.

Tyrholm tok opp til drøfting korleis kommunar som ikkje har same press på sine tenester kan bistå når andre kommunar og sjukehus har utfordringar med omsyn til kapasitet. Det vart kommentert at den beste løysinga er å bruke kommunale plassar.

Sjukehuskoordinatoren og avd. sjefar ved Ålesund sjukehus skal leie eit arbeid med plan for høg aktivitet.

Sak 19/2018: Innføring av betalingsplikt innafor rus og psykisk helse

Ved Britt Valderhaug Tyrholm, spesialrådgivar i Seksjon for samhandling i HMR HF

Tyrholm sin presentasjon følgjer vedlagt.

Betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar vert iverksett frå 1. januar 2019, med heimel i lov om kommunale helse- og omsorgstenester. Dei konkrete reglane er tatt inn i ei eiga forskrift.

Det vert vist til presentasjonen når det gjeld vilkåra for utskrivning. I helseføretaket vert det arbeidd for å få plass rutineene. Desse vert vurdert som gode fagleg sett, mellom anna når det gjeld standardar for dialog på tvers.

Sak 20/2018: Implementering av pakkeforløp for psykisk helse og rus

Ved stabsleiar i Klinikk for psykisk helse og rus Ole Lørvik, Helse Møre og Romsdal

Presentasjonen følgjer vedlagt.

Det vart lagt opp til dialog med samhandlingsutvalet om implementering av forløpa. Korleis kan ein møte pasienten på ein samhandlande måte?

Pakkeforløpa skal implementerast trinnvis frå 1. januar 2019. Dei generelle forløpa handlar om at pasienten får behandling innan gitte frister. Pasienten skal involverast i framdrifta i pasientforløpet, pakkeforløpa er eit løft for auka brukarmedverknad.

Det er forventning om spesialistinvolvering i behandlingsmessige og diagnostiske vurderingar tidleg i pasientforløpet og forløpskoordinering i kommune og helseføretak. Det er 3 generelle forløp, samt 3 tilstandsspesifikke forløp.

Nasjonal implementeringsplan er på plass. Regional implementeringsplan avklarar roller i drifta av forløpa. Kommunene skal implementere dei same forløpa. I HMR vert det felles koordineringsgruppe.

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Det vert lanseringskonferanse 30. oktober 2018 i Pinsekirka på Moa i Ålesund.

Sak 21/2018: Evaluering av møtearenaen (Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde) i høve til framtidig samhandlingsstruktur. Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Birte Vegsund

Seksjon for samhandling i HMR ønskjer å møte fast i samhandlingsutvalet på tema. Det vart kommentert at det framover mellom anna kan vere nyttig å reflektere saman rundt tala på utskrivingsklare pasientar.

Det var semje om at Seksjon for samhandling kan melde inn tema på møta. Samstundes må seksjon for samhandling i HMR utfordrast på saker.

Sak 22/2018: Rullering av representasjon til LSU. Ny oppnemning med verknad frå 2019. Val av leiar for 2019. Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Birte Vegsund

Jf. delavtale 12 til samhandlingsavtalen vert representantane til lokalt samhandlingsutval oppnemnt for 3 år av gongen av respektive kommunar og helseføretaket. Førre oppnemning vart gjort med verknad frå 2016.

Kommunane og helseføretaket må melde frå til sekretariatet om det vert oppnemnt nye representantar frå 2019.

Avdelingssjef for medisinsk avdeling ved Ålesund sjukehus Gro Åsnes vert leiar for utvalet i 2019.

Sak 23/2018: Møteplan 2019

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Jf. Delavtale 12 til Samhandlingsavtalen skal det minimum vere 2 møter per år. I 2019 vert det møte onsdag 10. april og onsdag 23. oktober.

Sak 24/2018: Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Kopi til:

Helse Møre og Romsdal HF:

Konstituert samhandlingssjef Lena Bjørge Waage i Seksjon for samhandling